



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

Møtedato: 21.11.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

102/2019 Investeringsplan 2019 - budsjettrevisjon

20. november 2019

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø		19/813

Saknr	Utval	Type	Dato
102/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Investeringsplan 2019 - budsjettrevisjon

Journalposttittel	Dato
Budsjettskjema 2A	18.11.2019
Budsjettskjema 2B	18.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjett 2019 endrast i samsvar med vedlagte budsjettskjema 2A og 2B.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På bakgrunn av rekneskapstal per oktober og reviderte prognosar, er det gjort ei vurdering av korleis framdrift for investeringsprosjekta i 2019 blir i høve til budsjett. Status for dei ulike investeringsprosjekt er nærare kommentert under og danner grunnlaget for justering av investeringsbudsjettet i 2019.

Ikt investeringar

Dette er et fast årleg investeringsprosjekt som i år er brukt til digitalisering av byggjesaks- og landbruksarkivet. Arbeidet med dette er utført av Dansk Scanning AS, og dette prosjektet er no ferdig.

I KS sak 059/2019 vert projektramma auka til kr 700.000. Rekneskapen per oktober 2019 viser samla utgifter på kr 760.000. Prosjektramma tilrådest justert opp til kr 760.000 i samsvar med dei faktiske utgifter, og vert finansiert som følgje:

Bruk av lån	608.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	152.000

Modellbibliotek

Gjeld nytt inventar og belysning i tillegg til ein estetisk oppgradering av hovudbiblioteket på Nordbygda skule. Prosjektet er ferdig og rekneskapen per oktober 2019 viser utgifter på kr 382.000. Prosjektet tilrådest finansiert som følgje:

Bruk av lån	95.000
Bruk av disposisjonsfond (tidlegare avsette midlar)	210.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	76.000

Nordbygda skule – utbetring tak

Gjeld utskifting av takstein over ca. 2/3 delar av takarealet. Resten av takarealet vart skifta ut i 2008. Det har vore mange problem med kvaliteten av eksisterande takstein som er frå 1990 talet. Etter denne utskiftinga vil heile taket vere ferdig rehabilitert.

Prosjektet er tildelt Eikanger Bygg AS og revidert ramme inklusiv risikopåslag er på kr 1.625.000, som er kr 625.000 over ramma i opphavleg budsjett. Planlagt prosjektstart og ferdigstilling er i 2020. Prosjektet vert difor flytta frå investeringsplan 2019 og vert innarbeid i budsjett 2020 med følgjande finansiering:

Bruk av lån	1.300.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	325.000

Nordbygda skule – ventilasjon

Gjeld installasjon av balansert ventilasjonssystem på skulen, nytt aggregat og rørsystem. Prosjess kring innhenting av tilbod er i gang. Prosjektet er planlagt gjennomført i skuleferien sommaren 2020. Siste kostnadsanslag vert på 1.300.000 og er innarbeid i budsjett 2020 (KS sak 077/2019) med følgjande finansiering:

Bruk av lån	1.040.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	260.000

Matre skule – ringe-/brannanlegg

Prosjektet vert utsett til 2020 då prosess kring avklaring av innhald og omfang er ikkje heilt ferdig. Prosjektet vert difor flytta frå investeringsplan 2019 og vert innarbeid i budsjett 2020 på eit seinare tidspunkt.

Sandnes skule – rehabilitering rør

Prosjektet gjeld oppgradering frå koparrør til PVC rør med rør i rør system. Prosjektet er ferdig. Prosjektramma vert kr 200.000 og vert finansiert som følgje:

Bruk av lån	160.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	40.000

Masfjorden sjukeheim – signalanlegg

Prosjektet gjeld nytt signalanlegg/velferdsteknologi ved sjukeheimen. Det elektriske arbeidet er noko forsinka i høve rapportert status ved 2.tertial (KS 059/2019). Forventa ferdigstilling er flytta til våren 2020 og som følge av dette vert tilskot frå Husbanken utbetalt fyrst i 2020. Prosjektramma vert i KS sak 059/2019 justert opp til kr 2.075.000. Finansieringa i 2019 korrigerert for forsinka tilskotsutbetaling vert som følge:

Bruk av lån	1.660.000
Tilskot frå Husbanken (vert utbetalt fyrst i 2020)	0
Meirverdiavgiftskompensasjon	415.000

Omsorgsbustadar – Hosteland

Gjeld nye omsorgsbustadar med dagsenter. Prosjektet er i gang og vert ferdigstilt i 2020. Prosjektramma for 2019 er på kr 18.950.000 og vert finansiert som følge:

Bruk av lån	15.200.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	3.750.000

Fensfjordbygg

Gjeld nye lokalar til legekontor og helsetenesta. Prosjektet er i gang og vert ferdigstilt våren 2020. Prosjektramma for 2019 er på kr 50.000 og omfattar intern prosjektleiing.

Bustadfelst tilrettelegging

Gjeld tilrettelegging med infrastruktur av tomter for sal. Det har ikkje vore noko aktivitet hittil i 2019.

Sandnes kafé – utbetring tak

Taket er frå 1950 talet og er moden for utskifting. Prosjektet er tildelt Eikanger Bygg AS, og er planlagt starta og ferdigstilt i 2020. Siste kostnadsanslag inklusiv risikopåslag vert på kr 1.000.000 og vert innarbeid i budsjett 2020 med følgjande finansiering:

Bruk av lån	800.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	200.000

Nothuset

Gjeld reparasjon av tak på Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. I KS 022/2019 vert det løyva kr 279.000 i budsjett 2019 til reparasjonsarbeidet, og midlane vert finansiert frå disposisjonsfondet. Prosjektet er no tildelt Eikanger Bygg AS, og er planlagt starta våren 2020 og ferdigstilt same år. Prosjektramma er anslått til kr 706.000, og vert innarbeid i budsjett 2020 med følgjande finansiering:

Bruk av lån	286.000
Bruk av disposisjonsfond	279.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	141.000

Kommunale vegar

Gjeld ny asfalt på kommunale vegar. Rekneskapen per oktober viser samla utgift på kr 1.325.000, Prosjektet vert finansiert som følgje:

Bruk av lån	1.060.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	265.000

Garderobe brann, Sandnes

Gjeld anskaffing av nye garderober og dusj knytt til brannberedskap på sørsida. Prosjektet er i gang og vert ferdigstilt i 2020. Prosjektramma for 2019 er på kr 125.000, og vert finansiert som følgje:

Bruk av lån	100.000
Meirverdiavgiftskompensasjon	25.000

Vassforsyning

Gjeld diverse investeringar knytt til vassforsyninga. Det har ikkje vore aktivitet hittil i 2019.

Startlån

I KS sak 046/2019 vert midlar til vidareutlån (Startlån) auka frå 3,0 mill. til 8,0 mill. etter stor pågang av søkjarar for denne ordninga. Kommunen har allereie lånt 3,0 mill. der 2,4 mill. er per dato ikkje disponert. Dette beløpet vurderast tilstrekkelig til å finansiere innkomne saker som etter handsaming kan vera kvalifisert til finansieringsordninga. Det tilrådest difor å redusere vidareutlånsposten i investeringsbudsjettet for 2019 tilbake til 3,0 mill.

Vurdering

Etter kommuneloven sin § 47 Årsbudsjettets bindande verknad, skal endringar i inntekter og utgifter

som årsbudsjettet byggjer på meldast til kommunestyret, som skal gjera naudsynte endringar i budsjettet. Det same gjeld når det på annan måte vert gjort kjent tilhøve som kan tyda på vesentlige endringar i inntektene eller utgiftene i høve til vedteken budsjett.

Budsjettskjema 2A

BUDSJETTSKJEMA 2A (tal i heile tusen)	Opphavleg budsjett 2018	Rekneskap 2018	Opphavleg budsjett 2019	Justert budsjett 2019
Investeringer i anleggsmidler	44 150	8 710	38 750	23 870
Utlån og forskutteringer	500	745	3 000	3 000
Kjøp aksjer og andeler	550	659	650	650
Avdrag på lån	600	714	700	700
Dekning tidligere års underskudd	0	0	0	0
Avsetninger	0	-3 500	0	0
Årets finansieringsbehov	45 800	7 328	43 100	28 220
<i>Finansiert slik :</i>				
Bruk av lånemidler	-16 540	-6 411	-17 490	-21 937
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	-197	0	0
Tilskudd til investeringer	0	-1 462	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-7 860	-991	-7 610	-4 723
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-16 600	3 071	-16 600	-350
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-41 000	-5 990	-41 700	-27 010
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-4 800	-1 338	-1 400	-1 210
Sum finansiering	-45 800	-7 328	-43 100	-28 220
Udekket / udisponert	0	0	0	0

Budsjettskjema 2B

BUDSJETTSKJEMA 2B (tal i heile tusen)

Investeringstiltak					FINANSIERING			
	R 2018 (eks mva)	R 201911 (eks mva)	VB 2019 (eks mva)	JB 2019 (eks mva)	MVA	Eksterne tilskot	Fond	Lån
IKT- OG EDB INVESTERINGAR	-	733	480	608	152	-		608
Sum tiltak sentraladministrasjon	-	733	480	608	152	-	-	608
MODELLBIBLIOTEK	-	306	-	305	76		210	95
NORDBYGDA SKULE - UTBETRING TAK	-	27	800	-	-	-		-
NORDBYGDA SKULE - VENTILASJON	-	-	1 040	-	-	-		-
MATRE SKULE - RINGE-/BRANNANLEGG	-	-	240	-	-	-		-
SANDNES SKULE - REHABILITERING	-	-	160	160	40	-		160
Sum tiltak oppvekst og kultur	-	333	2 240	465	116	-	210	255
MASFJORDEN SJUKEHEIM - SIGNALANLEGG	-	71	400	1 660	415	-		1 660
OMSORGSBUSTADAR HOSTELAND	288	7 950	26 000	15 200	3 750	-		15 200
FENSFJORDBYGG	-	26	-	50	-	-		50
Sum tiltak helse og omsorg	288	8 046	26 400	16 910	4 165	-	-	16 910
BUSTADFELT TILRETTELEGGING	-	-	620	-	-	-		-
ERVIKNESET TOMTELAG	-	68	-	-	-	-		-
SANDNES KAFE - UTBETRING TAK	-	-	-	-	-	-		-
KOMMUNALE VEGAR - BRU STORDALEN	-	-	800	-	-	-		-
KOMMUNALE VEGAR	-	1 062	-	1 060	265	-		1 060
GARDEROBE BRANN, SANDNES	-	-	-	100	25	-		100
SANDVOLLYBANE i SKOLTEN	-	44	-	-	-	-		-
Sum tiltak teknisk	-	1 174	1 420	1 160	290	-	-	1 160
VASSFORSYNING	110	-	600	-	-	-		-
AVLØP	-	-	-	-	-	-		-
Sum sjølvfinansierende tiltak	110	-	600	-	-	-	-	-
STARTLÅN	545	400	3 000	3 000	-	-		3 000
Sum startlån	545	400	3 000	3 000	-	-	-	3 000
Sum totalt økonomiplan	943	10 685	34 140	22 143	4 723	-	210	21 933